



LARSNES®

+47 70 02 64 00
post@larsnes-mek.no

Org.nr. NO 929 565 495 MVA
Sparebanken Møre 3906.05.01975

Framlegg til detaljreguleringsplan for Larsnes Mek. Verkstad AS

Kommentarar til nokre moment i regulerings-saka, jf. pkt. 5.18 og 6.3 i planomtalen

Vidare utvikling av verksemda

Den samla utbygginga som no er vist på området til Larsnes Mek Verksted AS vil dekkje dei behova som verksemda ser i lang tid framover. Verksemda kan med denne løysinga byggje vidare på dei investeringane som allereie er gjort på området og nytte tilgjengelege midlar til vidare utvikling.

Flytting av verftet til anna område vil medføre så store kostnader at det ikkje er realistisk. To verftslokaltetar, med drift både på eksisterande område og eksempelvis ny dokk og hall ein annan plass vil vere veldig lite effektivt, og verksemda vil då ikkje vere konkurransedyktig i marknaden.

Produksjon på Holmen

Verftet arbeider med opp til 3-5 båtar samtidig i form av ulike typar arbeid. Dette gjeld både nybygg, ombygging, utbetring og løpande service.

Verksemda har ikkje planar eller ynskje om å ekspandere i stor skala med tanke på arbeidsmengde. Tanken er heller at den kapasiteten ein har skal utnyttast betre slik at effektiviteten blir auka og med det sikre berekraftig framhaldande drift.

Dei planlagde investeringane vil først og fremst gjere vare- og arbeidslogistikken på området meir effektivt samt at arbeidsvilkåra for arbeidarane vil bli mykje betre.

Nye kaier og landstraum

Forlenging av eksisterande kai samt tillaging av nye kaier vil gjere at båtane kan ligge til kai (evt. i dokk) i staden for utanpå kvarandre slik som periodevis har vore naudsynt. Det vil då vere lettare å få utført arbeid på båtane, og båtane vil ha full tilgang til fasilitetane på kaia. Ikkje minst vil dette medføre at landstraum kan nyttast som energikjelde for drift av båtane ved landligge. Verksemda jobbar konkret med ein plan for vidare utbygging av kapasiteten for landstraum med eit 690V-anlegg i tillegg til dei eksisterande anlegga (230V og 400V). Kapasiteten på trafoane vil også bli auka.

Overbygd tørrdokk

Verksemda meiner det er heilt avgjerande at den nye tørrdokka blir overbygd med hall. Først og fremst vil dette gje verftet eit stort konkurransefortrinn i høve andre verft sidan kundane då veit at arbeid kan utførast i planlagt tidsrom utan at ein treng å ta omsyn til det sunnmørske veret. Dette er noko reiarar er svært opptekne av, og som vil gjere det enklare for dei å velje Larsnes Mek Verksted AS.

Mange arbeidsoperasjonar både må og bør utførast i tørt ver for å kunne tilfredsstille kvalitetskrava til aktuelle prosessar og materialbruk. Med så vidt skiftande verforhold som lokaliteten til verftet har, så er dette ei stadig tilbakevendande utfordring. Alle typar arbeid må kunne utførast heile året / i alle årstider.

Arbeidsmiljøet må betrast kva gjeld klimamessige tilhøve. Arbeid innomhus gjer arbeidet lettare ved enklare påkledning enn utomhus og verneutstyr vert lettare å nytte effektivt. Den enkelte arbeidar vert ikkje utsett for regn og vind. Produksjonen føregår sikrere og vert meir føreseieleg i høve leveransefristar.

Støymengda frå dokka vert noko dempa ved bruk av overbygg. Sameleis vil lysspreiinga bli mindre. Reinsesystem vil gjere det lettare å handtere utslepp / forureining i vatnet ved dokking.

Grøntstruktur

Det skal opprettast ein grønkorridor frå avkøyrsla til verftet og langs industriområdet så langt vika rekk. I området kan det etablerast gangsti for betre tilkomst til sjøområdet. Verftet vil, for eigeidom verftet eig, inngå grunnavtale med kommuna for å sikre gjennomføring av dette.

Framdriftsplan

Verksemda har utarbeida ein plan som viser estimerte tidspunkt for dei forskjellige bygestega i prosjektet:

- Forlenging av eksisterande kai mot vest – vår/sommar 2020
- Planering av område sørvest på Holmen, klargjering for bygging av dokk – vår/sommar 2021
- Bygging av tørrdokk – vår/sommar 2022
- Bygging av hall over dokk – haust 2022

Då dette er estimat, er det mogleg at tidspunkta kan bli endra.

Larsnes, 03.02.2020


Jarle Gunnarstein
Daglig leiar
Larsnes Mek Verksted AS